

Stor interesse for ny butikk på Fister!

Det var mange fastbuande og hyttefolk som møtte opp på folkemøte om ny butikk tysdag 13. juni. Med så godt oppmøte, og så stort engasjement i etterkant, nærmar vi oss målet om butikk på Fister! Takk til alle som allereie har teikna aksjar. Om du ikkje har bestemt deg for om du skal verta aksjeeigar ennå, kjem nokre argument om kvifor du bør bli det her:

Kva verdiar gir butikken:

- Tilgang til maten vår i nærleiken av der me bur
- Nye arbeidsplassar i bygda
- Matprisar på nivå med butikkane i Årdal og Hjelmeland
- Ny Joker-profil med stort utval og høg kvalitet
- Lokalmat-hjørne med element frå dei første butikklokala på Fister (hjá «Tommen»)
- Gode opnings tider tilpassa fastbuande og hytteeigarar
- Ny Joker-app. for bestilling av varer
- Kaffi-krok inne i butikken, slik at me kan treffe og sjå kvarandre, og seie hei!
- Eit nytt og attraktivt sentrumsområde!

Kva tilleggsverdiar kan butikken gi:

- Ferske reker og anna godt frå havet, eller nysteikt pizza til helga?
- Lokalmat som kveite, laks, eplemost, ost, kjøtt, pølser og pålegg, brød, syltetøy osv.?
- Ein unik butikk for heile Hjelmeland
- Samarbeid med andre på smørbrød og anna ferdiglaga, til gitte høve.
- Levering av varer på døra, eller i hytta?
- Eigen kafé, på sikt?
- Aktivitetsopplegg ved butikken, som for eksempel grilling, barnedag eller julegraut. Gjerne i samarbeid med andre i bygda?

På baksida av dette skrivet finn du litt informasjon om det å vera aksjeeigar i Fister Butikkdrift AS.

Dersom du har spørsmål ta kontakt med:

Annbjørg B. Egeland (abreiland85@hotmail.com) på tlf. 924 52 147

Peter Sigmundstad (peter@sigmundstad.no) tlf. 907 22 304

Ola Mosnes (ola@partnerregnskap.no) tlf. 909 83 243

Til slutt; Takk til Solberg-familien som vil oppgradera heile uteområdet, og leggje til rette for ein ny og moderne Joker-butikk, samt eit attraktivt sentrumsområde på Fister!

Med vennleg helsing

Fister Bygdaråd

For meir info sjå www.fisterbuen.net

Kva vil det seie å vera aksjonær i Fister Butikkdrift AS:

- Ei aksje er ein eigarandel i butikken
- Alle aksjar er like, og ei aksje gir ein stemme
- Aksja gir møte- og stemmerett, og du kan møte i Generalforsamlinga
- Generalforsamlinga (årsmøte) bestem vedtekter og vel styre, i samsvar med Aksjelova
- Generalforsamlinga bestem om det skal betalast utbytte til aksjonærane, ved driftsoverskot
- Styret tilset dagleg leiar, er ansvarleg for drifta og vedtek forretningsplanar, strategiar m.m.
- Ingen har eit personleg ansvar for selskapet sine forpliktelsar

Kvifor vera aksjonær i Fister Butikkdrift AS:

- Få butikk i bygda igjen, di aksje er viktig for å realisere dette!
- Bli deleigar av den nye butikken
- Styrke eigenkapitalen (aksjekapitalen)
- Vera med og prege butikken
- Skape verdiar i bygda
- Skape utsalsstad for lokal mat
- Auke verdien av og bu i bygda
- Kunna motta utbytte ved driftsoverskot

For meir info sjå www.fisterbuen.net!